

## **Notat frå Noregs Mållag: Ei opplæringslov som også tar omsyn til nynorskelevane**

Verken dagens opplæringslov eller framlegget frå Høgre-regjeringa sikrar nynorskelevane ei like god opplæring i språket sitt som bokmålselevane har.

Vi prioriterer to tiltak for å **sikre at nynorskelevane faktisk får ein nynorsk skulekvardag**, og legg då til grunn at språkdelte ungdomsskule ligg i lovframlegget.

### **1) Lærermiddel**

**Framlegg:** § 15-3 får slik ordlyd:

(Feit skrift er det som skil seg frå Høgre-regjeringa sitt framlegg.)

*«I norsk og samisk kan skolen berre bruke lærermiddel som følgjer offisiell rettskriving.*

*Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det i opplæringa berre blir brukt lærermiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.*

*Med lærermiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som vert brukte i opplæringa for å nå kompetansemåla i læreplanverket. Krava gjeld for alle digitale og ikkje-digitale verktøy og ressursar som er laga for opplæringssiktemål eller som blir brukte i opplæringssiktemål.*

*Unntak frå lova må vurderast og grunngjevast særskilt.*

*Krava gjeld ikkje*

*a) lærermiddel i faget norsk*

*b) lærermiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar*

*c) lærermiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del»*

**Argumentasjon:** Nynorskelevane må få den same retten til og tilgangen på digitale lærermiddel som bokmålselevane. Parallelitetskravet må treffe dei lærermidla, læringsressursane og digitale verktøya som faktisk blir brukte i klasserommet. I den digitale skulekvardagen er nynorsk nesten usynleg. Det går utover kvaliteten på lese- og skriveopplæringa og retten til opplæring på eige språk.

**Motargument:** Det påverkar skulen sitt pedagogiske og faglege handlingsrom. Det vil avgrense kva verktøy og ressursar ein lærar kan ta med seg inn i klasserommet. Til svar gjer dagens handlingsrom at nynorskelevar får ei mindre god språkopplæring enn bokmålselevar.

### **2) Skriveprogram**

**Framlegg:** § 15-4, andre ledd, får slik ordlyd:

«Skolen skal berre bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving.»

**Argumentasjon:** Det er svært gledeleg at departementet går inn for å lovfeste at skulane skal bruke skriveprogram som står både bokmål og nynorsk, men uheldig at dei utvatnar framlegget med formuleringa «så langt råd er». Dette etterhaldet må bort, slik at kravet er absolutt.

**Motargument:** Det blir utfordrande om det ikkje skulle finnast program med tilfredsstillande nynorsk. Endringa vil stille strengare krav til produsentane. I dag er det få som kunne konkurrert, då fleire skriveprogram har mangefull nynorskstøtte.

Noregs Mållag har levert eit gjennomarbeidd høyringsvar som omtalar fleire delar av framlegget til ny opplæringslov. Det kan de lese her:

<https://www.nm.no/prioriter-nynorskelevane-i-opplaeringslova/>

## LANGLESING

### Fleire viktige tiltak for å sikre elevane sine språkrettar

- **Retten til opplæring i ei eiga gruppe / språkdel ungdomsskule** på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, er føreslått å gjelde også for elevar på 8. til 10. trinn. Det er historisk at det vert føreslått ein heilt ny språkrett til norske elevar. Noregs Mållag meiner dette framlegget vil betre situasjonen for nynorskelevane i randsona av nynorskområdet. På ungdomsskular med både nynorskelevar og bokmålselevar i dag fører denne manglande retten til at nynorskelevane hamnar i mindretal i store klassar og vert underviste på bokmål.
- Ordninga med **rådgjevande skulemålsrøystingar** må vidareførast. Det må ikkje vere høve til å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål dersom det er fleirtal for nynorsk i røystinga. Altfor ofte har nynorsken blitt fjerna med minst mogleg og tilfeldig margin. Det bør difor uansett vere to tredjedels fleirtal i kommunestyret for å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål.
- Ei kontrollert **liste over lovlege** lærermiddel til dømes frå direktoratet må ligge føre både for digitale og for trykte lærermiddel. Det vil gjere arbeidet til skuleeigarane langt lettare, og det vil sikre at alle skular, både bokmåls- og nynorskskular, har lett tilgang til å etterleve lova.
- **Nye læreplanar** bør ligge føre minst eitt år før dei skal setjast i verk. Det vil gje forlaga den tida dei treng for å sikre alle lærermiddel på både nynorsk og bokmål til skulestart.
- Elevane skal ha **bøker på hovudmålet**, med ei opning for å ta i bruk lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk som sidemålsforsøk for elevar med nynorsk som sidemål.
- **Statsforvaltaren må gjere ei risikovurdering** både av lærermiddelsituasjonen, klasseblanding og nynorskkompetansen til lærarane for å finne ut om nynorskelevane får oppfylt rettane sine etter lova.
- Elevane skal bruke og få **opplæring i det skriftspråket som kommunen har vedteke** som hovudmål for skulen, i det skriftlege arbeidet, og har rett til å gå i eiga gruppe i alle teoretiske fellesfag. Hovudmålet skal følgje eleven ut grunnskulen.
- Når **elevane er spreidde** på fleire skular i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skule tilbodet skal gjevast ved.
- Krav om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse for å bli tilsett som lærar, må også femne om **nynorskkompetanse**, same kva fag læraren skal undervise i.

### Lærermiddel

**Krav:** Nynorskelevane må få den same retten til og tilgangen på digitale lærermiddel som bokmålselevane. Parallelitetskravet må treffe dei lærermidla, læringsressursane og digitale verktøya som faktisk blir brukte i klasserommet. I den digitale skulekvarden er nynorsk nesten usynleg. Det går utover kvaliteten på lese- og skriveopplæringa og retten til opplæring på eige språk.

Definisjonen av lærermiddel i lova må femne om læringsressursar. Parallelitetskravet må gjelde for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er laga for eller blir brukte i opplæringssiktemål. Det må ikkje berre vere eit krav om at dei «blir brukt jamleg i opplæringa» eller «dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget».

**Framlegg:** § 15-3 får slik ordlyd:

(Feit skrift er det som skil seg frå Høgre-regjeringa sitt framlegg.)

«*I norsk og samisk kan skolen berre bruke lærermiddel som følgjer offisiell rettskriving.*

*Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det i opplæringa berre blir brukt læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.*

**Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som vert brukte i opplæringa for å nå kompetanse måla i læreplanverket. Krava gjeld for alle digitale og ikkje-digitale verktøy og ressursar som er laga for opplæringssiktemål eller som blir brukte i opplæringssiktemål.**

Unntak frå lova må vurderast og grunngjenvast særskilt.

Krava gjeld ikkje

- a) læremiddel i faget norsk
- b) læremiddel i fag med årskull med 300 eller færre elevar
- c) læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del»

### **Skriveprogram**

**Krav:** Skriveprogram som blir brukte i skulen, må stø både nynorsk og bokmål.

Det er svært gledeleg at departementet går inn for å lovfeste at skulane skal bruke skriveprogram som står både bokmål og nynorsk, men uheldig at dei utvatnar framleggget med formuleringa «så langt råd er». Dette etterhaldet må bort, slik at kravet er absolutt.

At nynorskelevar må lære seg å skrive i program som ikkje forstår språket deira, er uhaldbart. Argumentasjon om at kommunane ønskjer mest mogleg lik programvare eller om kostnader ved å byte, kan ikkje få trumfe nynorskelevane sin rett til opplæring på eige språk. Dessutan vil eit slikt unntak svekkje kommunane og fylkeskommunane sin posisjon når dei skal stille krav i innkjøpsprosessar. Skuleeigar treng sterke og klare formuleringar i lova.

**Framlegg:** § 15-4, andre ledd, får slik ordlyd:

«Skolen skal berre bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følger offisiell rettskriving.»

Situasjonen for nynorskelevane har blitt meir alvorleg etter kvart som skulen har blitt meir og meir digital. Vi har ein ny generasjon nynorskbrukarar som særleg på grunn av læremiddelsituasjonen ikkje får god nok opplæring i språket sitt. Mållaget er uroa for langtidseffekten av dette. Gode nynorsktiltak i den nye opplæringslova er avgjerande for å gje nynorskelevane betre vilkår i skulen.